

**KNUT REIERSRUD
og IVER KLEIVE**

VEPSESTIKK

**HILDE LOUISE
ASBJØRNSEN**

**BEADY BELLE
DUO**



2024


**GJERMUND
GJERDE/METT**

**JAZZ-
KOLLEKTIVET**

**EYOLF DALE
TRIO**

**HANS MARIUS
ANDERSEN SEPTET**

JAZZ PÅ JØLST **10.-13. OKTOBER**





VELKOMMEN TIL JAZZ PÅ JØLST 2024

Det er ei sann glede å kunne ynskje velkomen til den 15. utgåva av Jazz på Jølst!

Vi er glade og ikkje så lite stolte over å kunne ynskje publikum velkomen til nok ein festival med inspirerende artistar og ugløymelege musikkopplevingar. Årets program byr på eit breitt spekter av sjangrar, alt frå tradisjonell jazz til spennande nye uttrykk, framført av både etablerte musikarar og nye unge talent.

Vi inviterer til 8 fine konsertar og til ei feiring av musikk, kultur og fellesskap som har blitt ein tradisjon frå oppstarten i 2010 til no - og viktigast av alt støtte

og oppslutning frå eit trufast publikum!

Vi nyttar høvet til å takke alle våre frivillige, sponsorar og samarbeidspartnarar!. Utan dykkar innsats og støtte ville det ikkje vore mogeleg å arrangere Jazz på Jølst. Særskilt takk til Thon Partner Hotel, Jølster som er vår hovudsamarbeidspartnar og sponsor,

Set deg godt til rette, lat deg rive med av musikken, og den gode stemninga.

Hallvar Helgheim
Leiar Jølster Jazzklubb

Vel møtt til festival og gode opplevingar!



Sponsorar/samarbeidspartnarar:



Jølster Bygg og Interiør AS Jølster Betongbygg AS Vikavegen 1 AS Brunsj & Brillers Kyrja i Sunnfjord

PROGRAM

JAZZ PÅ JØLST 2024



ANITA NORDHEIM
OPNAR JAZZ PÅ JØLST 2024

Festivalpass: kr 1400/1100/350
*Gjeld alle konsertar unnateke
Reiersrud/Kleive.*

Festivalpass pluss:
kr 1700/1400/400
Gjeld alle konsertar

Billetter:



Torsdag 10. oktober

19.30 - VEPSESTIKK Brunsj & Briller. Billetter: 300/200/100*

Fredag 11. oktober

19.30 - Opningskonsert - HILDE LOUISE ASBJØRNSEN

«STARDUST IN CONCERT» Thon Partner Hotel, Jølster. Billetter: 450/350/100*

22.00 - BEADY BELLE DUO Thon Partner Hotel, Jølster. Billetter: 400/300/100*

Laurdag 12. oktober

12.00 – Jazz for born/familie

GJERMUND GJERDESMETT og andre føykne fuglar Brunsj & Briller. Billetter 100

14.00 – JAZZKOLLEKTIVET - musikklinja Firda VGS Audhild Vikens Vevstove. Gratis.

19.30 – EYOLF DALE TRIO Thon Partner Hotel, Jølster. Billetter: 400/300/100*

22.00 – HANS MARIUS ANDERSEN SEPTET Thon Partner Hotel, Jølster.

Billetter: 400/300/100*

Søndag 13. oktober

16.00 – KNUT REIERSRUD OG IVER KLEIVE

Helgheim kyrkje. I samarbeid med Førdefestivalen. Billetter kr. 450/350/100

Søndag 13. oktober kl. 11.00 Vassenden kyrkjesenter. Gudsteneste i høve Jazz på Jølst. Musikalske bidrag ved Anita Nordheim på saksofon og Harald Dahlstrøm på piano, allsong frå spirituals og gospeltradisjonen.

** Billetter skal lesast slik: Vanleg/Medlem/Unge under 25.*

VEPSESTIKK



Agnes Fernanda Kierulf – bass, trompet, vokal
Linnea Josefine Gjelstad Kierulf – trommer, vokal
Hanna Elisabeth Zieritz – gítar, vokal
Móeiður Loftsdóttir – trompet, vokal



Torsdag 10. oktober kl 19.30

Brunsj & Briller, Skei

4 unge jenter som har gått gradene frå musikklinjer på vidaregåande, via fleire sommarjazzkurs og som har spelt på ymse scener og festivalar som Vill Vill Vest, Bergen Fest, Vossajazz og - sist Nattjazz i Bergen til strålende omtalar.

Linnea som spelar trommer med på sommar jazzkurset også i år.

Dei kallar seg eit indieband og av mange fine omtalar tek vi med denne «Vepsestikk kokar opp eit makelaust heksebrygg så potent at det får deg “til å bevega dansefoten i edru tilstand”, ifølgje Universitas.

Brygget er kokt i hop av ein vokal som vekslar mellom desperate kampskrik, henta frå magens djup, og sårbar sirenesong ekstrahert frå hjarterota – rørt saman til groovy rytmar, melodios bass, drøymande gitar og trompet i stereo.

Billettar: kr 300/200/100

HILDE LOUISE ASBJØRNSEN

STARTUST IN CONCERT



Hilde Louise Asbjørnsen – vokal

Anders Aarum – piano

Jens Fossum – kontrabass

Hermund Nygård – trommer



Opningskonsert

Fredag 11. oktober kl 19.30

Thon Partner Hotel, Jølster

Hilde Louise Asbjørnsen og hennar glitrande jazztrio inviterer til eit musikalsk djupdykk i repertoaret til dei åtte legendene frå suksess-showet «Stardust»:

Bokken Lasson, Mae West, Bessie Smith, Josephine Baker, Marlene Dietrich, Edith Piaf, Billie Holiday og Marilyn Monroe.

Teaterframsyninga og boka blei ein favoritt både hos kritikarar – og publikum og blei spelt for utselde hus både i Oslo og på etterfølgjande landsdekkande turné.

Mens teaterversjonen fokuserte på historiene bak, dykkar Asbjørnsen og trioen i denne versjonen ned i musikken, og serverer strålende tolkingar av låtar som; Diamonds Are A Girls Beste Friend, Hymne a l'amour, Lili Marlene, I Need A Little Sugar In My Bowl, Neste Dag Stod Hun Like Fornøiet – og andre høgdepunkt frå karrierane til «the lades in question»

Billetter: kr 450/350/100

BEADY BELLE DUO



Beady Belle – vokal

David Wallumrød – diverse tangentar

Fredag 11. oktober kl. 22.00

Thon Partner Hotel, Jølster



Beady Belle er ein grensesprengande, norsk artist som opererer i sitt eige musikalske univers - og som ikkje så lett kan plasserast i ein bestemt sjanger. Ho er å finne i grensesnittet mellom pop/soul/funk/elektronika/jazz og folk.

Beady Belle si fløyelsmjuke stemme toppar det heile saman med eit enormt overskot og eit fyrverkeri av ein sceneopptreden.

Beady Belle er internasjonalt anerkjent og etterspurt - men for folk flest her heime blei Beady Belle, alias Beate S. Lech mest kjent etter at ho utmerka seg og hausta store lovord under deltakinga i Stjerne-kamp 2019.

Å oppleve Beady Belle på scena er som å sjå musikk. Musikken finns i kvar nerve i henne, og mange meiner ho er ein av våre aller fremste vokalistar.

Duoen spelar eit utval av Beady Belle sitt repertoar i eit helt spesielt intimt og nært format.

Billettar: kr 400/300/100

GJERMUND GJERDESMETT OG ANDRE FØYKNE FUGLAR

LISBETH DREYER
PER RAGNAR MØKLEBY



Laurdag 12. oktober kl. 12.00

Brunsj & Brilller, Skei



Ingen festival utan jazz for born og i år får vi møte «Gjermund Gjerdesmett og andre føykne fuglar» Lena Skjerdal og resten av Kråkebollane, som sist gjesta Jazz på Jølst i 2021, har laga ny musikk til teksten, som Lisbeth Dreyer har skrive, om heilt vanlege fuglar som lever heilt vanlege fugleliv. Historier om morosame situasjonar forma som dikt på rim.

Lena Skjerdal – vokal,

Knut Lothe – perkusjon,

Erik Håkon Halvorsen – keyboard

Billettar: kr 100

JAZZ- KOLLEKTIVET



Laurdag 12. oktober kl. 14.00

Audhild Vikens Vevstove, Skei



Vi held fram med den fine tradisjonen med å gje unge talent frå musikklinja på Firda VGS ei scene å syne seg fram på. Bandet i år har fått namnet Jazzkollektivet.

Det blir groove, det blir jazz og det blir rytmar som vil få kroppen til å bevege seg om du vil eller ikkje.

Vi gler oss!

Liva Åsnes Skjerdal - vokal

Eirin Støfringsdal - trompet

Vegard Gunnarskog - gitar

Håkon Viem Elvekrok - keys

Charlotte Wiik - bass

Nikolai Bjarnastein Stave - slagverk

Billettar: Gratis

EYOLF DALE TRIO



Eyolf Dale – piano

Per Zanussi – bass

Audun Kleive – trommer

Laurdag 12. oktober kl. 19.30

Thon Partner Hotel, Jølster



Mange av dei store jazzpianistane har gjort noko av sitt finaste arbeid i små format: Bill Evans, Keith Jarrett, Brad Mehldau har alle hatt legendariske trioar, og no har Eyolf Dale òg ein, som seg hør og bør!

Musikalsk har Eyolf Dale alltid bevegde seg i eit melodisk og rytmisk utforskande, syngande og klangrikt leie, til glede for jazzelskarar verda rundt. I 2021 kom plata BEING, eit særst lyrisk og sjelfullt album i skjæringspunktet mellom jazz og klassisk, som fall i smak hjå både publikum og musikkpressa. «Hvis Chopin var jazzpianist hadde han høyrdest ut som Dale», har det vorte sagt om spelestilen hans.

Dale har med seg eit lag frå det absolutte toppsjiktet i norsk jazz. Trommeslagar Audun Kleive er ei levande legende i norsk jazzhistorie. Bassist Per Zanussi har markert seg som ein høgst original og søkande musikal og komponist. Med Kleive og Zanussi er det duka for eit uhyre tett og dynamisk samspel med både improvisasjon, uventa vendingar og gjennomarbeida komposisjonar frå øvste hylle.

Billetter: Kr 400/300/100

HANS MARIUS ANDERSEN SEPTET



Laurdag 12. oktober kl. 22.00

Thon Partner Hotel, Jølster



Hans Marius Andersen septett er eit band sett saman av svært habile musikarar frå det bergenske jazzmiljøet bl.a. Bergen Big Band og har fått strålende tilbakemeldingar etter konsertar i Bergen. Musikken spenner frå 1910 og 1920 tallets ragtime, via tidleg Louis Armstrong og vidare til låtar fra swing æraen, av Jelly Roll Morton og Modern Jazz Quartet.

Hans Marius Andersen - Trompet

Michael Barnes - Klarinett

Sindre Dalhaug - Trombone

Hans Martin Austestad -Banjo

Kristian Weberg - Piano

Roald Gilje – Tuba

Jan Tore Næss - trommer

Billettar: Kr 400/300/100

KNUT REIERSRUD og IVER KLEIVE



Knut Reiersrud – gitarar
Iver Kleive – orgel

Søndag 13. oktober kl. 16.00

Helgheim kyrkje



Det legendariske radarparet Iver Kleive og Knut Reiersrud treng knapt nokon nærare presentasjon. I snart 30 år har dei med jamne mellomrom spelt for fullsette kyrkjer og konsertlokales Norge rundt. Med utgangspunkt i norske folketonar, salmar og eigne komposisjonar har Iver og Knut lagt ein ny dimensjon til tradisjonell kyrkjemusikk.

Mange hugsar deira utgjevingar «Blå Koral» (1991), som fekk Spellemannprisen, «Himmelskip» (1996) og «Nåde over Nåde» (2006) som vakre bautaer over den langvarige sivilisasjons-kollisjonen mellom europeisk kyrkjemusikk og afroamerikansk rytmikk og tonefølelse

Konserten blir arrangert i samarbeid med **førdefestivalen**
Folkemusikk frå heile verda

Billettar: Kr 450/350/100



JAZZ PÅ JØLST 2024